

Frekhaug Bolig AS
Knut Henanger
Mjåtveitflaten 55
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/1301 - 21/11373

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
19.02.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 322/52 Mjåtveit

Tiltak: veg, vatn og avløp
Byggjestad: Gbnr: 322/52
Tiltakshavar: Hkh Bygg og Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Frekhaug Bolig AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.02.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket krev dispensasjon frå plankrav pkt.1.2.1 i kommunedelplanen for Meland då område er uregulert per dags dato.
2. Søknad om dispensasjon skal grunngjevast og nabovarslast, sjå rettleiing på kommune sine sider eller ved link nedanfor:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/nabovarsel/>

3. Vi gjer merksam på det ligg ikkje føre alle naudsynte samtykke frå grunneigare når det gjeld tilkopling av gbnr 322/261,262 til private VA-leidningar i sak 19/1575 og sak 16/2839. Tinglysning kan ordnast seinare.
4. Det må søkjast om utvida bruk av avkjørsle frå kommunal veg før saka skal handsamast av byggesak.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.03.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

| | | | |
|------------------------|-----------------|------|----------|
| Hkh Bygg og Eiendom AS | Mjåtveitstø 33A | 5918 | FREKHAUG |
|------------------------|-----------------|------|----------|

Mottakarar:

| | | | |
|-------------------|-------------------|------|----------|
| Frekhaug Bolig AS | Mjåtveitflaten 55 | 5918 | FREKHAUG |
|-------------------|-------------------|------|----------|